

UTVAL FOR KULTUR, IDRETT OG REGIONAL UTVIKLING.

PS:115/2017 13.09.2017

KLAGE PÅ AVSLAG AV SØKNAD OM TILSKOT TIL LOKALE KULTURBYGG 2017.

Moster Sogelag har søkt om tilskot for andre år på rad og fått avslag. Bømlo kommune har hatt søknaden som første prioritet til fylket både i 2016 og 2017. Til orientering er Moster sogelag og ein del av nærmiljøprosjektet i Bømlo.

Grunngjeving for avslaget i 2016 var at søknadssummen var for liten. Med dette som bakgrunn for søknaden i 2017, tok me med dei store investeringane som er gjort dei siste åra.

Grunngjevinga for avslaget i 2017, var at Moster Museum har så lite opningstider at fylkesrådmannen ikkje kunne tilrå støtte. I tillegg står det vidare i sakshandsaminga: Oppgradering av lager knyta til Moster museum.

Dersom søknaden er oppfatta at det er ei oppgradering av eit lager, er dette feil. Moster sogelag har kjøpt tilleggsareal som tidlegare har vore brukt til lager. Tilleggsarealet skal brukast til utviding/ utstilling i museet.

Moster museum/ kulturstove blir brukt som lokalt museum og kulturstove for heile kommunen. Lag og organisasjonar har nytta huset/ lokala til møter og omvisingar etter avtale. Det har vore vitjing av skular og barnehagar. I tillegg til lokale lag har me hatt vitjingar frå Haugesund og Sunnhordland. Museet har sesongope kvar sommar frå juni til august. Elles har Moster Museum ope heile året, etter avtale. I tillegg arrangerer me jul i gamle dagar kvart år med juleverkstad for born. Det har vore arrangert temautstillingar, temakveldar og julemesser.

Samanlikna med andre museum i regionen meiner me det er lite relevant å bruka opningstider som argument i avslaget, då andre museum i regionen også har opning etter avtale.

Moster 27.09.2017

Marit Ingvaldsen

Leiar Moster sogelag

tlf: 99434632

mail: ingma@haugnett.no